

Nytt tilbud om mammografi

For ei stund sidan fekk du invitasjon til mammografiscreening (røntgenundersøking av brysta) frå Mammografiprogrammet. **Nå vil vi gje deg ny sjanse til å nytte tilbodet.** I Noreg får alle kvinner i alderen 50 til 69 år automatisk tilbod om mammografiscreening kvart anna år. Formålet er å oppdage brystkreft i eit tidleg stadium, for at færre kvinner skal dø av sjukdomen.

I det fyrste brevet fekk du meir informasjon om undersøkinga, og eit faktaark om fordelar og ulemper ved mammografiscreening. Dette er nyttig lesing, som du kan finne igjen på nettsida vår eller kan få på nytt ved å kontakte oss.

For deg som ynskjer time:

Bestill timen så raskt som råd, innan fire månader.



Dersom du **ikkje ynskjer invitasjonar**, kan du gje oss beskjed slik at du ikkje får fleire brev. **Kontaktinformasjon** finn du på **baksida av arket**.

Snu arket for å lese om kva **Mammografiprogrammet** er, **kostnadar** ved undersøkinga og andre **praktiske forhold**.



Du kan reservere deg mot lagring av personopplysningar ved normale funn i Mammografiprogrammet. Meir informasjon om dette og om Mammografiprogrammet finn du på nettsida vår www.kreftregisteret.no/mammografi

Med vennleg helsing

Solveig Hofvind

Solveig Hofvind, leiar for Mammografiprogrammet



Kva er Mammografiprogrammet, og kvifor får du dette tilbodet?

- I Noreg får alle kvinner i alderen **50 til 69** år automatisk tilbod om røntgenundersøking av brysta, såkalla mammografiscreening, **kvart anna år**.
- Mammografiprogrammet er eit **offentleg** og **frivillig** tilbod som vert leia av Kreftregisteret.
- Regelbunden mammografi er i dag den beste metoden vi har for å oppdage brystkreft i eit tidleg stadium, slik at færre kvinner skal døy av sjukdomen.
- Det kan òg vera nokre ulemper ved mammografiscreening, som risiko for overdiagnostikk.
- Informasjon som kan hjelpe deg til å finne ut om du ynskjer å nytte dette tilbodet, vart sendt deg i det fyrste brevet. Informasjonen er lett tilgjengeleg på nettsidene våre, eller du kan få han på nytt ved å kontakte oss.



Betaling og reisekostnadar

- **Pris kr.**
- Dette dekker både screeningundersøkinga og eventuelle tilleggsundersøkingar. Beløpet inngår ikkje i frikortordninga.
- Vi ser helst at du betalar med bankkort, men bankgiro er òg ei moglegheit.
- Du må sjølv dekke eventuelle reisekostnadar. Screeningundersøkinga inngår ikkje i ordninga for pasientreiser.



Kor lenge kan du nytte dette tilbodet?

- Du må bestille timen innan **fire månadar**.
- Om **vi ikkje høyrer frå deg**, vil du få ein **ny invitasjon om to år** dersom du framleis er i aldersgruppa.

Ynskjer du ikkje fleire invitasjonar?

Du kan gje beskjed til Kreftregisteret via nettsida vår, eller på tlf. 22 45 13 00 eller e-post mammografi@kreftregisteret.no.

Vi treng namn, adresse og fødselsdato, samt informasjon om du vil avstå frå invitasjonar i ein periode eller for alltid.

Unngå å sende fødselsnummer og helseopplysningar i e-post!



Du kan få digitale brev frå oss

Opprett digital postkasse på www.norge.no



Følg oss gjerne på Facebook
www.facebook.com/kreftsjekken